



# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Andreea Beleuta

Arkivsak nr.: 2017/215

Arkivkode: 210

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

Formannskapet  
Kommunestyret

## **KORRIGERING AV BUDSJETT 1.KVARTAL 2017**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. Midlane til kvalifiseringstiltak som vart løyvd i k-sak 48/16 (om fordeling av midlar til asyl-, busetjings-, og integreringsarbeidet) på kr 940 000 vert overført til 2017. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.
2. Vertskommunetilskot i 2017 vert redusert til kr 1 471 603, som følge av at Volda mottak vert lagt ned med verknad frå 01.03.17. Reduksjon av inntekter vert dekt ved reduksjon av utgifter innafor vertskommunetenestene sine tenesteområde.
3. Tilskotet til Volda næringsforum vert auka frå kr 350.000 til kr 360.000. Finansiering vert ved bruk av kraftfondet.
4. Det vert sett av kr 40.000 til Kontrollutvalet sin disposisjon. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.
5. Det vert løyvd kr 100.000 til utarbeiding av planprogram vedkomande kryssing av Voldsfjorden (Voldsfjordkryssing AS). Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.

I 2016 etablerte Volda kommune fleire innovasjonsprosjekt knytt til etablering av fleire kommunale kvalifiseringstiltak for flyktningar på kommunale arena. Dette vert i dag organisert under nemninga «EntLab Volda». Tiltaka er m.a. kantine, serviceteam, gartneri, læringsplassar for flyktningar.

Dei kommunale kvalifiseringstiltaka starta opp 2. halvår 2016, og skal gå over fleire år. Vi har fått ekstern finansiering frå IMDi, fylkesmannen, fylkeskommunen og NAV, under føresetnad av kommunal eigenfinansiering, som vart løyvd av kommunestyret i k-sak 48/16 og følgt opp i f-sak 133/16. Det er ein føresetnad for ekstern finansiering, at kommunen bidreg med kommunal eigenfinansiering. Dersom ikkje må kommunen sende midlar attende, og vi vil ikkje vere i stand til å søkje lenging av prosjektmidlar frå eksterne i 2017. Midlane (kr.940.000) som vart løyvd i k-sak 48/16 vert difor overført til 2017, og vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond

### *Vertskommunetenester*

Inntektene på vertskommunetilskotet (prosjekt 120962) i 2017 er redusert til **kr 1 471 603**, som følgje av at Volda mottak vert lagt ned med verknad frå 01.03.17. Inntektene etter denne datoen er knytt til vertskommunetenester for einslege mindreårige i Volda EMA-mottak.

I oppstillinga under er oversikt over korleis utgiftene er redusert i kommunale tenester som følgje av nedlegginga av Volda mottak. Det som er merka i rosa, vert avvikla. Det som er merka i grønt, vert oppretthaldt også etter 01.03.17, så lenge EMA-mottaket er i drift. Vert også EMA-mottaket lagt ned ila året, vil vi måtte gjere nye grep.

RB 2017 - Vertskommunetilskotet - 120962			Revidert 13.02.17	
			Utgifter	Inntekter
Aktivitet/tiltak	Arbeidsstad	%	RB 2017	RB 2017
Helsesøster EMA (k-sak 128/15)	Helsestasjonen	50	362 000,00	
Helsesøster psykisk minoritetshelse	Helsestasjonen	50	363 000,00	
Helsesekretær 8 %	Helsestasjonen	8	49 000,00	
Helsesekretær (k-sak 128/15)	Legesenteret	10	65 000,00	
Lege (k-sak 128/15) 5% frå 010317	Legesenteret	10/5	52 500,00	
Bibliotekressurs 01.01-280217	Biblioteket	50	57 600,00	
Bibliotek: Tiltak og aktivitetar	Biblioteket		5 000,00	
Tolk	Innvandring		150 000,00	
Helsesekretær 01.01-28.02.16	Legesenteret	20	22 000,00	
Helsesøster 01.01-15.03.17	Helsestasjonen	85	130 000,00	
Jordmor 01.01-15.03.17	Helsestasjonen	15	26 000,00	
Vertskommunetilskot 2017	UDI			1 471 603,00
<b>SUM</b>			<b>1 282 100,00</b>	<b>1 471 603,00</b>

### *Kontrollutvalet*

Kontrollutvalet vil gjerne at det vert sett av kr 40.000 til eventuell deltaking på kurs og seminar gjennom året. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.

### *Volda næringsforum*

Tilskotet til Volda Næringsforum vert auka frå kr 350.000 til kr 360.000 for å oppretthalde nivået frå 2016. Dette vart ikkje innarbeidd i samband med budsjettførebuinga. Finansiering vert ved bruk av kraftfondet

### *Voldsfjordkryssing AS*

Det vart gjort følgjande vedtak i PS 144/16:

*Volda kommune vil dekkje kostnaden inn til kr. 100 000,- med utarbeiding av planprogrammet. Rådmannen skal fremme eiga løyvingssak om dette, straks avtale med ekstern utførandekonsulent ligg føre.*

Rune Sjugard  
Rådmann

Henrik Skovly  
Økonomisjef

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Sakshandsamar  
Rekneskapssjef  
Økonomisjef  
Alle stab og sektorleiarar  
Nina Kvalen